

# Tur til Svårthylkyrkja

Vil du vere med på ei oppleving utanom det vanlege? Og nyte eit godt måltid mat laga til på bål? Det har du moglegheit til om du vert med vertskapet på Vindilhytta ein tur til Svårthylkyrkja, øvst i Gjøvdal i Åmli kommune.



- EI LIVSKRAFTIG KJEMPE I HJARTET AV AGDER



## Ei urørt perle

Svårthylkyrkja er ei diger, halv jettegryte like ved Espeliåna, i nordenden av Gjevden, om lag 2 km sør for Vindilhytta. Denne særeigne staden har lege meir eller mindre urørt i tusener av år, og det er slett ikkje så mange som har kjent til den. Det er mykje truleg at her har budd folk lang, lang tid tilbake.

## Klar for gjestar

For om lag to år sidan vart det rydda og sett opp enkle benkar, ein stor bål plass er her og. I dag kan om lag 30 personar få sitjeplass i Svårthylkyrkja. For å kome til Svårthylkyrkja, brukar me flåte over Svårthyl. Du dreg deg over ved hjelp av eit tau, så her får du slite litt før maten vert servert.

## Kom til dekket bord i Svårthylkyrkja

Vindilhytta tek imot bestilling av grupper som ynskjer å få ei flott naturoppleving kombinert med god mat. Er det ruskevær, er det lurt å ha regntøy på under flåteseilasen. Men når du kjem inn i Svårthylkyrkja sit du tørt uansett. Me lovar at alle som ynskjer å kome til dekket bord, skal bli gode og mette. Me lagar litt for einkvar smak. Desserten vert og laga på bålet, men kva det er, er ei lita overrasking.

## Overrasking for kolleger eller vener

Kombinasjonen middag i Svårthylkyrkja med overnatting på Vindilhytta, kan til dømes være ei fødselsdagsfeiring, ein firma- eller vennetur heilt utanom det vanlege. Det kan bli ein tur dykk seint vil gløyme.

Avstand frå Kristiansand: 133 km. Fra Arendal 103 km.



Ynskjer du å kombinere ein tur til Svårthylkyrkja med ei god natt søvn, har vi 20 senger til utleige på Vindilhytta. Ekstra madrassar kan ein ta i bruk ved behov. Felles dusj og toalett.



Flotte tur- og fiskemoglegheiter i området.



Salg av fiskekort for Gjøvdal

## Vindilhytta

Gjøvdal  
4865 Åmli  
Telefon 90 66 64 30

[vindilhytta@hotmail.com](mailto:vindilhytta@hotmail.com)



Mere informasjon finn du på [www.arendal.com](http://www.arendal.com)

